

Temaplan for landbruk i Vestland 2023-2027



Årsplan 2026



Innhold

Innleiing.....	3
Hovudmål og satsingar.....	4
Mål og delmål for satsingane.....	5
Hovudprioriteringar i 2026.....	6
Verkemiddel.....	18
Samarbeid i landbrukspartnarskapen.....	20



Foto: Frantisek Duris/Unsplash

Innleiing

I «Temaplan for landbruk i Vestland 2023-2027» er det sett mål og definert strategiar for å utvikle landbruket som næring. I denne årsplanen viser vi hovudprioriteringane for næringsutvikling innan landbruk som skal løftast opp i 2026. I tillegg til hovudprioriteringane vert det gjennomført mange ulike tiltak for å realisere strategiane og nå mål i temaplanen. Mange viktige satsingar blir løyst som driftsoppgåver i organisasjonane. At tiltak ikkje er sett som hovudprioritering betyr ikkje at dei ikkje er viktige. Det blir jobba langsiktig med dei ulike måla og strategiane i den einskilde organisasjonen.

Måla og strategiane i temaplanen 2023-2027 legg føringar for arbeidet gjennom året, og for midlar til fellestiltak som fylkeskommunen lyser ut. Midlar til «Regionale tilretteleggingstiltak i landbruket» skal støtte prosjekt og tiltak som bidrar til å nå måla i temaplanen.

I 2026 skal vi prioritere ekstra arbeidsinnsats for å syne moglegheiter i Vestlandslandbruket og sette bøndene i stand til å gjere gode val for framtida. Kommunane blir sentrale i denne satsinga. Ei styrka satsing på mat og drikke frå Vestland blir også sentralt i år.

I Vestland må vi ta vare på dei knappe jordbruksareala våre. Vi skal sikre det biologiske mangfaldet og matjorda vår. Jord og areal er ei hovudsatsing i 2026. Det er også trong for å setje beredskap og matsikkerheit tydelegare på dagsorden.

Møteplassar, både etablerte og nye, er viktige arenaer for å gjennomføre ein del av tiltaka i årsplanen. Vi skal også nytte dei verkemidla som finst, både nasjonalt og regionalt til å skape utvikling i landbruksnæringa og utvikle ny næring og verdiskaping knytt til ressursane i landbruket.

Årsplanen er utarbeidd i tett samarbeid mellom Vestland fylkeskommune, Innovasjon Norge, Statsforvaltaren og faglaga i landbruket.

Hovudmål og satsingar

Visjonen er fylkeskommunen sin visjon.

Hovudmålet er vedteke i Temaplan for landbruk 2023-2027.

VISJON
Nyskapande og berekraftig

HOVUDMÅL
Vestland skal vere eit nyskapande landbruksfylke basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon

Planen har to hovudsatsingar og eitt kapittel om verkemiddel



Jord og areal – regional jordvernstrategi for Vestland

Klima og miljø

Rekruttering og kompetanse



Matproduksjon

Garden som grunnlag for entreprenørskap og lokalsamfunnsutvikling

Skog og tre

Grøn innovasjon



Politisk og økonomisk

Forskning og kompetanse

Samhandling og møteplasser

Forvaltningsmessig og juridisk

Internasjonalt samarbeid

For kvar av dei to hovudsatsingane er det etablert overordna mål, delmål og strategiar for perioden 2023-2027

HOVUDMÅL: Vestland skal vere eit nyskapande landbruksfylke basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon



Premiss for berekraftig landbruk

3.1 Jord og areal – regional jordvernstrategi for Vestland

Overordna mål: Vestland skal vere eit føregangsfylke innan jordvern, og har nullvisjon for reduksjon av dyrka jord

1. Kommunane har god tilgang til kunnskap, statistikk, kompetanse, nettverk og samarbeid i arbeidet med jordvern
2. Sikre heilskapleg og langsiktig planlegging som tek i vare naturressursar, biologisk mangfald og dyrka jord
3. Jord skal nyttast, og i minst mogleg grad flyttast
4. Nedbygging av jord til landbruksføre mål skal reduserast – jorda skal drivast

3.2 Klima og miljø

Overordna mål: Eit berekraftig og klimasmart landbruk i Vestland som styrkar og utviklar matproduksjonen

3.3 Rekruttering og kompetanse

Overordna mål: Landbruket i Vestland skal ha eit godt omdøme med høg kompetanse og god rekruttering

1. Styrke og oppretthalde vestlandsbonden sitt gode omdøme
2. Vestlandsbonden skal ha høg kompetanse
3. Auke rekrutteringa til vestlandslandbruket



Innovasjon og næringsutvikling i landbruket

4.1 Matproduksjon

Mjølkk og kjøtt

Overordna mål: Halde oppe Vestland sin relative del av mjølkk- og kjøttproduksjon, og auke berekraftig fôrproduksjon

1. Styrke produksjonen av mjølkk og kjøtt
2. Auke lokal grovfôrproduksjon og bruk av beite

Frukt og grønt

Overordna mål: Auke produksjon og verdiskaping knytt til frukt og grønt

1. Auke verdiskaping på produsentnivå
2. Auke produksjon i tråd med auke i etterspurnad

Lokalmat- og drikke

Overordna mål: Auke verdiskapinga innan lokalmat

1. Auka mangfald i lokalmat
2. Auke verdiskapinga på gardsbruk med lokal foredling
3. God og sikker tilgang til marknader

4.2 Garden som grunnlag for entreprenørskap og lokalsamfunnsutvikling

Overordna mål: Bidra til god ressursutnytting på garden, som grunnlag for å skape ny næring

1. Legge til rette for å auke tilbodet av velferdstenester gjennom «Inn på tunet»
2. Medverke til gode og levedyktige lokalsamfunn
3. Styrke opplevingsbasert reiseliv knytt til garden

4.3 Skog og tre

Overordna mål: Auke verdiskaping og vidareforedling frå skognæringa i Vestland, med klima og berekraft som premiss

1. Skape lokale verdikjeder for trevirke gjennom nyetableringar og auka konkurransekraft
2. Skog for framtida
3. Forbetring av infrastruktur
4. Auka kompetanse og rekruttering til skog- og trenæringa

4.4 Grøn innovasjon

Overordna mål: Landbruket skal vere ein bidragsytar til berekraftig utvikling gjennom innovasjon

1. Ressursar og restressursar frå landbruket skal bidra til å utvikle nye næringar og nye verdikjeder
2. Landbruket skal produsere og ta i bruk meir fornybar energi
3. Bidra til at bonden tar i bruk innovasjonar som lettar arbeidet og aukar innteninga

Hovudprioriteringar

Den viktigaste samfunnsoppgåva til landbruket i Vestland er å sikre trygg og variert mat av god kvalitet. I Vestland vil vi jobbe for sikker matforsyning og beredskap ved å legge til rette for ein variert bruksstruktur med grovfôrbasert husdyrhald, frukt og bær som sentrale produksjonar. Dette blir det jobba langsiktig med gjennom politisk arbeid for å påverke rammevilkåra og gjennom etablerte satsingar, prosjekt og som driftsoppgåve både både i faglag og i dei offentlege organisasjonane. Alle måla i temaplanen vil vere viktige også i 2026.

I tillegg til det langsiktige arbeidet er det valgt ut nokre hovudprioriteringane der det blir sett inn ein særskilt innsats i 2026. Moglegheiter i Vestlandslandbruket, rekruttering, matsatsing i Vestland, jord og areal og beredskap og matsikkerheit.

Hovudprioriteringar i 2026

- **Moglegheiter i Vestlandslandbruket:** Vi skal saman med kommunane syne moglegheiter for å utvikle garden, og gje bøndene grunnlag til å ta val tufta på kunnskap. Det skal vi gjere ved å legge til rette for kunnskapsdeling og samhandling mellom kommunar, faglag og verkemiddelaktørar.
- **Rekruttering:** Vi skal legge til rette for gode utdanningstilbod, og vise fram moglegheitene som finst. Støtte opp under tiltak som styrkar omdømet og rekrutteringa til næringa.
- **Matsatsing i Vestland:** Vi skal styrke satsinga på mat og drikke frå Vestland. Arbeidet skal bygge på erfaringar frå tidlegare satsingar og prosjekt, og skal samordnast med initiativ innan mellom anna reiseliv.
- **Jord og areal:** Regional jordvernstrategi og arbeid med å realisere planen vil framleis ha høg prioritet. Å ta i bruk arealrekneskap for Vestland er ein del av dette arbeidet.
- **Beredskap og matsikkerheit:** Beredskap og matsikkerheit må setjast tydelegare på dagsorden og ha høg prioritet både nasjonalt og regionalt.



Moglegheiter for Vestlandslandbruket



Moglegheiter i Vestlandslandbruket:


Vi skal saman med kommunane syne moglegheiter for å utvikle garden, og gje bøndene grunnlag til å ta val tufta på kunnskap. Det skal vi gjere ved å legge til rette for kunnskapsdeling og samhandling mellom kommunar, faglag og verkemiddelaktørar.

Dette skal vi gjere mellom anna ved å:

- Lyse ut tilskot som legg til rette for aktivitetar som inspirerer til å utvikle gardane
- Legge til rette for å dele resultat og erfaringar frå gjennomførte prosjekt
- Legge til rette for god samhandling mellom ulike aktørar som skal hjelpe etableraren



Rekruttering



Rekruttering:

Vi skal legge til rette for gode utdanningstilbod, og tiltak som støttar opp under omdømet og rekrutteringa til næringa.

Dette skal vi gjere mellom anna ved å:

- Støtte opp om utdanningsløp som sikrar rekruttering til næringa
- Bidra til tett kopling mellom utdanningsinstitusjonane og næringa
- Styrke opplæring innan marknadshage/grøntproduksjon innan Naturbruk vgs
- Stimulere til møteplassar for erfaringsdeling og kompetansebygging



Matsatsing i Vestland



Matsatsing i Vestland


Vi skal styrke satsinga på mat og drikke frå Vestland. Arbeidet skal bygge på erfaringar frå tidlegare satsingar og prosjekt, og skal samordnast med initiativ innan mellom anna reiseliv.

Dette skal vi mellom anna gjere ved å:

- Følgje opp etablerte prosjekt og samarbeidsavtalar innan mat og drikkefeltet
- Styrke etterspørsel etter lokal mat og drikke gjennom å prioritere lokalmat ved offentleg innkjøp. Motivere kommunar og andre til å gjere det same.
- Utarbeide og sette i verk ei samordna satsing på mat og drikke frå Vestland. Omfanget skal avklarast nærare. Arbeidet skal mellom anna ta utgangspunkt i vedtak frå fylkestinget i desember 2024 om «Matfylket Vestland», samt kartlegging av tidlegare gjennomførte prosjekt og satsingar.



Jord og areal



Jord og areal


Regional jordvernstrategi og arbeid med å realisere planen vil framleis ha høg prioritet. Å ta i bruk arealrekneskap for Vestland er ein del av dette arbeidet.

Dette skal vi gjere mellom anna ved å:

- Ta i bruk verktøy som legg grunnlag for god planlegging og oppfølging, mellom anna arealrekneskap*
- Auke kunnskap gjennom informasjon og erfaringsutveksling på ulike samlingar og arrangement*
- Fylkeskommunen skal utarbeide ny regional plan for areal og mobilitet*



Beredskap



Beredskap og matsikkerheit


Beredskap og matsikkerheit må setjast tydlegare på dagsorden og ha høg prioritet både nasjonalt og regionalt.

Dette skal vi mellom anna gjere ved å:

- Jobbe for at det blir ført ein nasjonal landbrukspolitikk som set sikker matforsyning og beredskap tydlegare på dagsorden. Dette betyr ein aktiv matproduksjon med areal i hevd i heile landet, ein framleis variert bruksstruktur med grovfôrbasert husdyrhald, frukt og bær som viktige produksjonar, og ei styrking av økonomien på små og mellomstore bruk.
- Legge til rette for å utvikle gardane i Vestland gjennom mellom anna satsinga «Moglegheiter i Vestlandslandbruket».
- Statsforvaltaren i Vestland har utarbeida ei analyse om matvareberedskap i Vestland. Analysen blir følgt opp mellom anna gjennom å undersøke beredskapen på gardsbruka.



Verkemiddel



HOVUDMÅL: Vestland skal vere eit nyskapande landbruksfylke basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon



Verkemiddel – vi skal nytte dei ulike verkemidlane best mogleg for å skape verdiskaping i landbruksnæringa

Politisk

- Politisk vedtekne regionale strategiar og planar
- Jordbruksoppgjeret

Økonomisk

Statlege verkemiddel knytt til landbruk:

- Regionale tilretteleggingstiltak i landbruket
- Kompetansenettverket for lokalmat
- Prosjektmidlar til Kystskogbruket
- Tilskot til vilttiltak
- Investerings- og bedriftsutviklingsmidlar (IBU)
- Tilskot til enkeltbruk (forvalta av Statsforvaltaren og kommunane)

Forsking

- «Temaplan forsking for Vestland fylke 2022-2027»
- Innovative nettverkssamarbeid med aktørar innan FoU
- Styrke koplinga mellom næringa, FoU-miljø og forvaltninga

Kompetanse

Kompetanseutvikling i arbeidslivet:

- Karriererettleiing
- Etter- og vidareutdanning
- Tett samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og arbeidslivet
- Kurs- og utdanningstilbod

Samhandling og møteplassar

- Satsing på nettverkssamarbeid mellom aktørar i dei ulike produksjonane
- Stimulere til innovasjonsprosessar på tvers av næringa og innovasjonsmiljø

Forvaltningsmessig og juridisk

- Drift av vidaregåande skuler med utdanningsprogram naturbruk
- Utvikling av fagskuletilbod
- «Vaksenagronomen»
- Forvaltning knytt til mellom anna areal, jord, vatn og miljø

Internasjonalt samarbeid

- Erfaringsdeling og læring
- Økonomiske verkemiddel



Samarbeid i landbrukspartnerskapen

Gjennom oppdragsbrev frå landbruks- og matdepartementet får fylkeskommunen oppgåver knytt til landbruk. Fylkeskommunen skal, som leiar av det regionale partnerskapet, trekke opp dei strategiske føringane for nærings- og kompetanseutvikling i landbruket regionalt, i samarbeid med statsforvaltar, Innovasjon Norge, faglaga og eventuelt andre aktuelle aktørar.

For fylkeskommunen og resten av landbrukspartnerskapen er samarbeidet med kommunane svært viktig. Temaplan landbruk er ikkje bindande for kommunane, men kommunane kan bruke planen som grunnlag for å lage eigne planar.

Medlemmar i Landbruksforum Vestland er:

- o Vestland fylkeskommune ved seksjonsleiar naturressursar, landbruk og reiseliv
- o Innovasjon Norge Vestland ved avdelingsleiarar
- o Statsforvaltaren i Vestland ved landbruksdirektør
- o Vestland Bondelag ved leiar og organisasjonssjef
- o Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag ved leiar
- o Hordaland Bonde- og Småbrukarlag ved leiar

Jordbruksavtalen gjev landbrukspartnerskapen høve til å legge **strategiske føringar for investerings- og bedriftsutviklingsmidlane** i landbruket. Strategiske føringar frå det regionale partnerskapet er avgrensa til å prioritere mellom ulike produksjonar og mellom ulike område i regionen/fylket.

Sakar som blir drøfta fast i landbrukspartnerskapen som innspel til fylkeskommunen:

- Innspel til jordbruksforhandlingane
- Oppfølging av temaplan landbruk og årsplan

Landbrukspartnerskapen kjem med innspel til overordna føringar for ordninga:

- « «Regionale tilretteleggingstiltak i landbruket»

Landbrukskonferansen blir arrangert kvart år av fylkeskommunen, Statsforvaltaren og Innovasjon Norge. Hovudmålgruppa for konferansen er tilsette i kommunane som jobbar med landbruk.

